

## Elevrådsmøtet 18.04.2024

### Desse møtte

#### 5 og 6.trinn:

Repr: Adrian

Vara: Selina

#### 7.trinn

Repr: Johannes

Vara: Alan

#### 8.trinn

Repr: Malene

Vara: Ida – ikkje kalla inn

#### 9.trinn

Repr: Isak – meldt avbod

Vara: Sebbe – meldt avbod

#### 10.trinn

Repr: Helene

Vara: Torstein – ikkje kalla inn

Rektor Gunnlaug Olsvoll Røed

Andre som møtte: Monika Thune

**Stad:** Myldrerommet

**Tid:** kl 12.00 –12.20

Gunnlaug leia møtet

### Kunst til nytt skulebygg

Det er oppretta KUNSTUTVAL knytt til å vere med i prosessen til å finne kunstutsmykking til det nye skulebygget. Elevrådsleiar og representant frå Solund ungdomsråd er mellom anna medlemmar i kunstutvalet.

Elevane er bede om å kome med innspel til kva dei ønskjer som kunst.

Nikolai Stølsvik er prosjektleiar i bygginga av nytt skulebygg og har høve til å kome på elevrådsmøte for å informere. Han hadde ikkje høve å kome i dag, så rektor har framlegg om å ta eit ekstra elevrådsmøte 02.05.2024 til denne saka.

#### **VEDTAK:**

**Det vert ekstra elevråd 02.05.2024 der Nikolai Stølsvik vert invitert til møtet for å gje informasjon. Rektor kallar inn. Saka vert "Kunst til nytt skulebygg"**

### Saker frå klassane

5.- 6. trinn:

Klasseballen vert etterlyst, ligg kanskje på eit tak/idrettsbyggtaket? Klassen vert glad om noken finn den og gjev beskjed til klassen

Det er behov for blyantar, viskelær, lim og saks til å ha i klasserommet.

Ordne opp i gardinstengene – gardinene heng og sleng. *Merknad; Rektor meldte inn (18.04.2024) til*

*vaktmeistenesta at det er behov for å få sjekka gardinstengoppenga i fleire klasserom å barneskulen.*

10.trinn: Må få kosta vekk grusen som ligg utanfor idrettsbygget og ungdomskulen. Slik det er no er det fare for uhell/fall når ein spring, sykklar på det som ligg der. Ber også om at ballane på idrettsbyggaket vert henta ned. Rektor informerte om at vaktmeistertenesta ikkje berre kan klatre opp og hente ballane, det føler risiko med dette og truleg må ein form for stilasj verte settopp. + ballane på taket

*Merknad; Desse to sakene er meldt inn til vaktmeistenesta, av rektor 18.04.2024.*

## Orientering til elevrådet

Monika:

- Loftskroken hadde spelkveld og 16 stk møtte i alderen frå 6.klasse til og med 10.trinn. Var veldig kjekt og Loftskroken vil fortsetje med dette. Monika treng framlegg til dato for ny spelkveld på Loftskroken.
- LAN frå 12 + vart avlyst grunna for få som var påmelde.
- Det vert konsert med *Solitude*, eit lokalt rockeband, 31.05.2024 i Grendahuset. Kjem tilbake til informasjon om klokkeslett og aldersgrense.
- Utandørs buldring er planlagt kl 16 – 19, tysdag 11.06.2024, meir info vil kome på facebook og snap, for 6. - 10.trinn.

Slutt kl 12.20

Referent Gunnlaug